



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Sjukepleiar - 100% vikariat, 2 stillingar

Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har ledig 2 100% vikariat for sjukepleiarar frå mars 2018 - september 2019.

Arbeid 3.kvar helg. Dag og kveldsvakter. Vi har to kontor i heimetenesta, eit på Frekhaug og eit på Vikebø. Det kan vere aktuelt med arbeid på begge kontora eller kun det eine.

Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som sjukepleiar.

Vi ser etter ein sjukepleiar som trivst i eit hektisk miljø, og er open for nye utfordringar. Vi forventar at du har pasienten i fokus, har interesse for heimesjukepleie og dessutan evne til å arbeide sjølvstendig og i team. Vi ynskjer deg som har godt humør, gode samarbeidsevner og som kan bidra til eit godt arbeidsmiljø.

Vi tilbyr

Faglege utfordringar og moglegheit for å bidra til vidareutvikling av heimetenesta.

Arbeid i eit godt og stimulerande arbeidsmiljø.

Opplæring etter behov.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Vi har rekrutteringsordningar for sjukepleiarar i vikariat. Sjukepleiarane får tilbod om kr. 2000,- ekstra per mnd. så lenge vikariatet varar.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 08.04.2018

Utlyst dato 21.03.2018

Vårref 31/18

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no